



Han har hatt orkesterplass ved elva i 60 år (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fangstresultatet i Uskedalselva i sommar, som enda på 1314 kilo, vart atskillig betre enn oppsynsmann Arne Terje Haugland trudde sjølv om han registrerte det som skjedde. Under årsmøtet sa han sogar at han ville gje seg

hvis 1.000 kilo vart passert fordi det har vore målet hans. Men han veit førebels ikkje om han vil gjera ålvor av det

Kor godt er så eigentleg fangstresultatet historisk sett?

Arne Terje har vore tett på elva og fisken der i 60 år. Han seier til uskedalen.no at at det føreligg prognosar for fangstane allereie så tidleg som i 1914, men registreringen var dårleg den gongen.

Men oppsynsmannen har pålitelege tal som han har henta frå nettet frå 1969 og framover. Det året vart det ikkje registrert laks, men fanga knapt 200 kilo aure. Året etter vart det derimot registrert 10 kilo laks og 75 kilo aure. 1979 var det tidlegare rekordåret med 855 kilo aure og ingen laks og det vart heller ikkje registrert laks i 1980 og 1981.

Det er framfor alt kalkinga som har gjort underverker.

Den utløyste ein eksplosjon

av laks då kalkingsanlegget vart starta i 2002, men det var ein auke også tidlegare fordi det vart kalka manuelt og frå helikopter allereie på 1990-talet. Etterat doseraren kom vart det også satsa meir bevisst på dei beste gyteplassane.

Men Arne Terje trur at også andre faktorar har spela positivt inn, til dømes mindre forureining frå lufta fordi industrien har vore sitt ansvar bevisst.

Negative faktorar som har spela inn er til dømes lusa, men her er Arne Terje mest bekymra for auren. Han nemner også faktorar som forureining i sjøen og temperaturvariasjonar. Eldre folk har forresten fortald om ein interessant observasjon - at kveite og laks med lus på var den beste og feitaste fsken!

Lusangrep er det også no, men ikkje så store som tidlegare.

Arne Terje meiner at vassdraget har eit godt grunnlag for å hausta over 1000 kilo med dei naturgitte føresetnadar det har i dag. Men han åtvarar mot at ein tek heilt av på grunn av fangsrekorden og meiner det er klokt å sjå resultata over 4-6 år. Ein sikrare peikepinn vil ein kanskje få allereie neste år då det kjem att smolt som hadde store luseplagar i fjor.

Oppsynsmannen ser no fram til elektrofisket som i haust skal skje ved selskapet Rådgivende Biologer. Han vonar på eit like godt tilhøve til dei som UNIFOB.

Av Ola Matti Mathisen